



## Sakliste

Saknr	Tittel
027/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
028/19	Godkjenning av møteprotokoll
029/19	Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017 -2020, oppdatering etter første tertial 2019.
030/19	Økonomisk politikk og handlingsregler
031/19	Samarbeid om felles landbruksavdeling i deler av Nordhordland
032/19	Oppgave- og ansvarsfordeling i overgang til ny kommune
033/19	Møteplan haust 2019
034/19	Melding/orientering til fellesnemnda 03.06.2019

### **027/19: Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

#### **Fellesnemnda Alver 03.06.2019:**

##### **Handsaming:**

Det er ettersendt skriv frå Alver Høgre vedrørande framlegg til uttale i fellesnemnda.

Fellesnemnda tek framlegget til handsaming i slutten av møtet.

Ingen merknader, samrøystes.

#### **FA- 027/19 Vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

### **028/19: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

#### **Fellesnemnda Alver 03.06.2019:**

##### **Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **FA- 028/19 Vedtak:**

Møteprotokollen er godkjent.

### **029/19: Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017 -2020, oppdatering etter første tertial 2019.**

#### **Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

**Fellesnemnda Alver partsamansett utval 29.05.2019:**

**Handsaming:**

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun.  
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FA PSU- 021/19 uttale:**

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

**Fellesnemnda Alver 03.06.2019:**

**Handsaming:**

Orientering ved ass.programansvarleg Martin Kullid.  
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FA- 029/19 Vedtak:**

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

**030/19: Økonomisk politikk og handlingsregler**

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Fellesnemnda oversender vedlagte økonomireglement og reglement for finans – og gjeldsforvaltning til kommunestyret i Alver for endelig handsaming.

**Fellesnemnda Alver partsamansett utval 29.05.2019:**

**Handsaming:**

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FA PSU- 022/19 uttale:**

Fellesnemnda oversender vedlagte økonomireglement og reglement for finans – og gjeldsforvaltning til kommunestyret i Alver for endelig handsaming.

**Fellesnemnda Alver 03.06.2019:**

**Handsaming:**

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FA- 030/19 Vedtak:**

Fellesnemnda oversender vedlagte økonomireglement og reglement for finans – og gjeldsforvaltning til kommunestyret i Alver for endelig handsaming.

**031/19: Samarbeid om felles landbruksavdeling i deler av Nordhordland**

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Programleiar rår til at det vidare arbeidet med å til rettelegge for ei felles landbruksavdeling i regi av Alver kommune, tek utgangspunkt i vertskommunemodellen etter ny kommunelov, jf saksutgreiinga og konklusjonen.

**Fellesnemnda Alver partsamansett utval 29.05.2019:**

**Handsaming:**

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun.  
Saka vert teke til orientering, samrøystes.

**FA PSU- 023/19 uttale:**

Meldinga er teke til orientering.

**Fellesnemnda Alver 03.06.2019:**

**Handsaming:**

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun.  
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FA- 031/19 Vedtak:**

Det vidare arbeidet med å til rettelegge for ei felles landbruksavdeling i regi av Alver kommune, tek utgangspunkt i vertskommunemodellen etter ny kommunelov, jf saksutgreiinga og konklusjonen.

**032/19: Oppgåve- og ansvarsfordeling i overgang til ny kommune**

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert tatt til vitande.

**Fellesnemnda Alver 03.06.2019:**

**Handsaming:**

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun  
Programansvarlig sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FA- 032/19 Vedtak:**

Saken er tatt til vitande.

**033/19: Møteplan haust 2019**

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Møteplan haust 2019 vert vedteke som den ligg føre.

**Fellesnemnda Alver 03.06.2019:**

**Handsaming:**

B.Vatnøy-Frp var ikkje tilstades ved røysting i denne saka.  
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FA- 033/19 Vedtak:**

Møteplan haust 2019 er vedteke som den ligg føre.

**034/19: Melding/orientering til fellesnemnda 03.06.2019****Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.

**Fellesnemnda Alver 03.06.2019:****Handsaming:**

**Melding/orientering til fellesnemnda** ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun:

- Status IKT-prosjekt
- Status organisasjonsprosjekt
- Økonomiplan inkl. eigedomsskatt
- Overordna ROS utsatt til neste møte
- Arbeid med gebyrregulativ
- Bruk av rådhuset i Manger

Orientering Lindås tomteselskap ved dagleg leiar Trond Lomsøy (i starten av møtet)

Eigarskap – strategidiskusjon (gruppearbeid – innspel)

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Uttale frå organisasjonane v/HTV Jarle Næss, frå møtet i PSU 29.05.2019, vart sendt fellesnemnda før møtet:**

Dei tilsette sine organisasjonar meiner at prosessar knytt til organisering av leiarnivå og tenestekområder for Alver kommune i all hovudsak er veldig ryddige, og der ulike interessentar i all hovudsak blir involvert. Difor ønskjer organisasjonane at ein opprettheld dagens delegering til rådmannen og administrativt nivå. I den grad prosessar av ulike interessentar opplevast som uryddige, så blir dette tatt opp og løyst administrativt. At fleire saker knytt til administrativ organisering skal opp i Fellesnemnda vil føre til forseinkingar i organisasjonsprosjekta, og vi reknar det som lite truleg at politisk handsaming vil bidra til betre løysingar enn det prosjekta sjølv greier å kome fram til.

Uttalen vart lagt fram for fellesnemnda til vedtak frå formannskapet i Meland kommune.

**Til Fellesnemnda Alver kommune, møte 03.06.19 (vart ettersendt til fellesnemnda).****Fra Alver Høgre v/Nils Marton Aadland, Kenneth Murberg, Karl Vågstøl**

Byrådet i Bergen har gått inn for å flytta bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlands brua. Det betyr at Bergen i tilfelle kjem til å senda ein betydelig del av rekninga for kollektivsatsinga si til Nordhordland.

Da kommunane i Nordhordland allereie har vedtatt ein bompakke, Nordhordlandspakken, risikerer vi no å få to bomstasjoner som ikkje «kommuniserer» med kvarandre ved Nordhordlands brua, jamfør timesregelen. Innbyggjarane i Nordhordland risikerer dermed å måtte betala i to bomstasjonar for å kryssa brua.

Bergensområdet er ein felles bu- og arbeidsregion. Folk pendlar fra Nordhordland til Bergen og fra Bergen til Nordhordland for å dra på jobb. Dei forslag til endringar som byrådet har lagt fram

skaper store utfordringer både for enkeltpersonar og for næringsverksemd.

Om Bergen skulle få gjennomslag for å flytta bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlandsbrua set det innbyggjarane våre i ein uakseptabel situasjon med tanke på Nordhordlandspakken som er på trappene. Argumenta som byrådet i Bergen brukar for å flytta bomstasjoner handlar om å skjerma intern transport i Åsane. Dei same argumenta kan man bruka i nye Alver kommune. Blant anna vil dei fleste som skal besøkje kommune- og handelssenteret i Knarvik måtta betala bompengar dersom dei planlagte bomstasjonane vert realisert.

Dersom ikkje fylkestinget avviser byrådet i Bergen sitt framlegg så betyr det at Nordhordland må betala heile rekninga for at innbyggjarane i Åsane skal sleppa å betala for lokal kjøring.

Samtidig vil innbyggjarane i Nordhordland med planlagte bomstasjoner måtta betala for lokal kjøring i Nordhordland. Vi vil dermed måtta betala rekninga både for Nordhordland og for Åsane. I så tilfelle er det derfor nødvendig å stoppa opp, ta eit steg tilbake og sjå på Nordhordlandspakken på nytt i eit større perspektiv.

#### **Forslag til uttale fra Fellesnemnda Alver kommune:**

Fellesnemnda Alver kommune vil på det sterkaste oppmoda Hordaland fylkesting til å seia nei til byrådet i Bergen sitt framlegg om å flytta bompengerekkjeringa i Åsane til Nordhordlandsbrua (E39 Klauvaneset). Framlegget inneber i praksis å senda heile «bompengerekninga» til trafikantar fra Nordhordland.

Fellesnemnda Alver kommune oppmodar Statens vegvesen om å stansa arbeidet med å etablera dei nye bomstasjonane i Nordhordlandspakken til byrådet i Bergen sitt framlegg om å etablera bomstasjon ved Nordhordlandsbrua er avklara.

Byrådet sitt framlegg viser trongen for å samordna bompengerekkjeringa i heile Bergensområdet. Fellesnemnda Alver kommune vil be om at slik samordning startar snarast råd.

Fellesnemnda Alver kommune presiserer at Hordaland fylkesting må vurdere fullgode, men mindre kostnadskreivjande alternativ til bybane i Åsane. Vi vil blant anna visa til etableringa av Metrobuss i Trondheim.

#### **Fellesframlegg frå A.AA.Byrknes-KRF, Lindås:**

Fellesnemnda for Alver kommune reagerer kraftig på framgangsmåten i samband med å flytta bomstasjonane i Åsane til ein bomstasjon på Klauvaneset.

Det er ikkje rett å flytta belastninga frå Åsane til kun dei som bur i Nordhordland.

Vi vil vise til fylkesrådmann si innstilling i saka som skal til MISA - FU og Fylkesting og seier oss samde med innstillinga fylkesrådmann har i saka.

Vi vil også framheve punkt 3 i innstillinga og meiner at evalueringa i 2020 må innbefatte ikkje berre Bergen kommune, men samordning og belastning i heile Bergensområdet.

Framlegget fra A.Byrknes vart samrøystes vedteke.

Fellesnemnda bed om at uttalen vert sendt til alle fylkestingsrepresentantane.

#### **FA- 034/19 Vedtak:**

Meldinga er teke til orientering.

#### **Uttale til Hordaland fylkeskommune:**

Fellesnemnda for Alver kommune reagerer kraftig på framgangsmåten i samband med å flytta

bomstasjonane i Åsane til ein bomstasjon på Klauvaneset.

Det er ikkje rett å flytta belastninga frå Åsane til kun dei som bur i Nordhordland.

Vi vil vise til fylkesrådmann si innstilling i saka som skal til MISA - FU og Fylkesting og seier oss samde med innstillinga fylkesrådmann har i saka.

Vi vil også framheve punkt 3 i innstillinga og meiner at evalueringa i 2020 må innbefatte ikkje berre Bergen kommune , men samordning og belastning i heile Bergensområdet.

# ALVER KOMMUNE



*Vi bygger Alver kommune*



# Fellesnemnda

## 03.06.19



# Samarbeid felles landbrukskontor



# Rammer for samarbeid med andre kommunar

---

- Programleiar ser store fordelar både for Alver kommune og for landbruket i Nordhordland i å inngå samarbeid med omkringliggjande kommunar som ønskjer det.
- Programleiar meiner at vertskommunemodellen er den forma Alver kommune bør tilby samarbeidskommunane etter kommunelova.
- Det vert inngått samarbeidsavtale kommunane der ein kan skreddarsy omfanget av tenestene for den einskilde kommune.
- Alternativet er avtale om kjøp av tenester.
  - Det vil gje uklare ansvarsforhold i forvaltnings saker.
  - Vanskeleg å halde oversikt over, om dette skal gjelde for fleire tenester.



# Oppgåve- og ansvarsfordeling



# Oppgave- og ansvarsfordeling

---

- Fellesnemnda sin funksjon vert avslutta når det nye kommunestyret er konstituert etter reglene i kommuneloven.
- Mynde til det nye kommunestyret og underliggende utval gjeld den nye kommunen.
- Mynde og ansvar for dei sitjande kommunestyra vil vere avgrensa til det som er nødvendig for å avvikle verksemda i dei eksisterande einingane etter konstituering av nytt kommunestyre.
- Liste over handsaming av saker i det nyvalde kommunestyret før og etter 01.01.2020.



# Oppgave- og ansvarsfordeling

---

- Samanslåingsprosessen inneber mange prosesser og prosjekt som må til for å få på plass nye Alver kommune og å få harmonisert tenestene den nye kommunen skal levere.
- Teneste vil i stor grad bli vidareført slik dei er i dag i den enkelte kommune. Nokre saker vil vere av ein slik karakter at dei må handsamast politisk.
- Dei fleste organisasjonsprosjekta er nå i planleggingsfasen. Når denne fasen nærmar seg slutten vil det kome fram om det er saker knytt til samordning av tenestene som krev politisk handsaming.
- Programansvarleg vil løpande legge fram slike saker for fellesnemnda og seinare kommunestyret i Alver kommune.



# Møteplan



Juli	August	September	Oktober	November	Desember
1. mån v27	1. tor	<b>1. søn</b>	1. tys	1. fre	<b>1. søn</b>
2. tys	2. fre	2. mån v36 <b>Fellesnemnda</b>	2. ons	<b>2. lør</b>	2. mån v49
3. ons	<b>3. lør</b>	3. tys	3. tor <b>PSU</b>	<b>3. søn</b>	3. tys
4. tor	<b>4. søn</b>	4. ons	4. fre	4. mån v45	4. ons
5. fre	5. mån v32	5. tor	<b>5. lør</b>	5. tys	5. tor <b>FO</b>
<b>6. lør</b>	6. tys	6. fre	<b>6. søn</b>	6. ons <b>FO - budsjett</b>	6. fre
<b>7. søn</b>	7. ons	<b>7. lør</b>	7. mån v41 <b>Hautstf. Fellesnemnda</b>	7. tor <b>FO</b>	<b>7. lør</b>
8. mån v28	8. tor	<b>8. søn</b>	8. tys	8. fre	<b>8. søn</b>
9. tys	9. fre	9. mån v37 <b>VAL</b>	9. ons	<b>9. lør</b>	9. mån v50
10. ons	<b>10. lør</b>	10. tys <b>Valstyre</b>	10. tor	<b>10. søn</b>	10. tys
11. tor	<b>11. søn</b>	11. ons	11. fre	11. mån v46	11. ons
12. fre	12. mån v33	12. tor	<b>12. lør</b>	12. tys	12. tor
<b>13. lør</b>	13. tys	13. fre	<b>13. søn</b>	13. ons	13. fre
<b>14. søn</b>	14. ons	<b>14. lør</b>	14. mån v42	14. tor <b>KO</b>	<b>14. lør</b>
15. mån v29	15. tor	<b>15. søn</b>	15. tys	15. fre	<b>15. søn</b>
16. tys	16. fre	16. mån v38	16. ons	<b>16. lør</b>	16. mån v51
17. ons	<b>17. lør</b>	17. tys	17. tor <b>KO konst</b>	<b>17. søn</b>	17. tys
18. tor	<b>18. søn</b>	18. ons	18. fre	18. mån v47	18. ons
19. fre	19. mån v34	19. tor	<b>19. lør</b>	19. tys	19. tor <b>KO</b>
<b>20. lør</b>	20. tys	20. fre	<b>20. søn</b>	20. ons	20. fre
<b>21. søn</b>	21. ons	<b>21. lør</b>	21. mån v43	21. tor <b>FO</b>	<b>21. lør</b>
22. mån v30	22. tor	<b>22. søn</b>	22. tys	22. fre	<b>22. søn</b>
23. tys	23. fre	23. mån v39	23. ons	<b>23. lør</b>	23. mån v52
24. ons	<b>24. lør</b>	24. tys	24. tor	<b>24. søn</b>	24. tys
25. tor	<b>25. søn</b>	25. ons	25. fre	25. mån v48	25. ons
26. fre	26. mån v35	26. tor	<b>26. lør</b>	26. tys	26. tor
<b>27. lør</b>	27. tys	27. fre	<b>27. søn</b>	27. ons	27. fre
<b>28. søn</b>	28. ons	<b>28. lør</b>	28. mån v44	28. tor <b>KO</b>	<b>28. lør</b>
29. mån v31	29. tor <b>PSU</b>	<b>29. søn</b>	29. tys	29. fre	<b>29. søn</b>
30. tys	30. fre	30. mån v40 <b>Fellesnemnda - budsj</b>	30. ons	<b>30. lør</b>	30. mån v53
31. ons	<b>31. lør</b>	.	31. tor <b>KO val 2</b>	.	31. tys

KO=kommunestyret

FO= formannskapet





# Prosjektstatus pr. sektor



# Helse og omsorg (pr. 27.05.19)

Organisasjonsprosjekt	K	P	G	A	Kommentar
Sjukeheim	■	■			
Heimeteneste	■	■			
Tenester til utviklingshemma	■	■			
Psykisk helse og rus	■	■			
Helse	■	■			
NAV	■				
Forvaltningsmodell	■				Prosjektforslag adm. styringsgruppe 3. juni
Fagutvikling/stab/støtte	■				
<b>DigiAlver</b>					
Anbod Elektronisk pasientjournal (EPJ)	■	■	■	■	
Acos sosial - konsolidering	■	■			
Visma Ressursstyring - konsolidering	■	■			
Infodoc EPJ - konsolidering	■	■			
SamPro - konsolidering	■	■			
<b>Fagprosjekt</b>					
Implementering EPJ	■	■			Robot som i Bergen.

■	Gjennomført
■	Starta opp
■	Ikkje starta opp
<b>K</b>	Konsept
<b>P</b>	Planlegging
<b>G</b>	Gjennomføring (h 19)
<b>A</b>	Avslutning (h 19/v 20)



# Oppvekst (pr. 23.05.19)

Organisasjonsprosjekt	K	P	G	A	
Jordmor- og helsestasjonstenesta	■	■			Klart for innplassering fagansvarlege.
Barnevern	■	■	■	■	Felles kontor i drift, ferdig med rutinar og IK
PPT	■	■			Innplassert to fagansvarlege (skule), klar for lysing av den siste (barnehage),
Barnehage	■	■			Klar for lysing fagansvarleg spes.ped.
Skule	■	■			Innplassering av avdelingsleiarar slutført.
Fagutvikling/stab/støtte	■	■			Planleggingsfase fra mai.
<b>DigiAlver</b>					
	■	■			Visma FF/VO: Kartlegging av flytteprosess avslutta, ny database oppretta, held på å flytte over, i rute. VFS: Samkøyring av bruk og modular for alle skulane avslutta innan sommaren. VFPPT over i planleggingsfase i mai.
Konsolidering Visma-system		■			
Visma barnehage		■			Prosess med alle NH-kommunar
Konsolidering Feide		■			IKTNH styrer dette
Konsolidering Conexus Engage		■			
<b>Fagprosjekt</b>					
Digitalisering av grunnskulen		■			Mulig pilot frå hausten

■	Gjennomført
■	Starta opp
■	Ikkje starta opp
<b>K</b>	Konsept
<b>P</b>	Planlegging
<b>G</b>	Gjennomføring (h 19)
<b>A</b>	Avslutning (h 19/v 20)



# Teknisk forvaltning og drift (pr. 27.05.19)

Organisasjonsprosjekt	K	P	G	A	Kommentarer
Arealforvaltning	■	■			Organisasjonskarta er godkjent og aktuelle kandidatar til avdelingsleiarstillingane er kartlagt gjennom kartleggingsamtalar. Sakene går til omstillingsutvalet 29. mai.
Eigedomsforvaltning	■	■			
Drift og vedlikehald	■	■			
Fagutvikling/stab/støtte	■	■			
Felles landbrukskontor	■				Sak om felles landbruksavdeling går til fellesnemnda 3. juni.
<b>På tvers</b>					
Kontorfordeling	■	■			Kartlegging av tilgjengelege lokale er gjort og mogeleg lokalisering i høve til dei godkjente organisasjonskarta er under utgreiing, planlagt ferdig tidleg i juni.

■	Gjennomført
■	Starta opp
■	Ikkje starta opp
<b>K</b>	Konsept
<b>P</b>	Planlegging
<b>G</b>	Gjennomføring (h 19)
<b>A</b>	Avslutning (h 19/v 20)



# Teknisk forvaltning og drift (pr. 27.05.19)

DigiAlver	K	P	G	A	Kommentarer
Kartløyisingar: Delte løysingar					Det er inngått avtalar med Norkart, Norconsult og Powel. Avinet held fram som før.
KomTek: Avgifter og gebyr					Konverterings- prosessane er starta, og kurs for opplæring av tilsette er planlagt og datofesta.
Driftsovervaking VA: Citect					Planforslag for neste fase er under utarbeiding. Systema er kartlagt, prisar er under innhenting (tidlegare overslag). Framdrifta er i rute, ansvarpersonar er peika ut.
Portal - vaktmestertjenester:					Planforslag for neste fase er under utarbeiding. Nokre pilotbygg er peika ut. Framdrifta er i rute, ansvarpersonar er peika ut.
Portal - booking av lokale og anlegg for lag og organisasjonar: Aktiv kommune					Gjennomføringsfasen er i gang. Registrering av aktuelle bygg og anlegg gjenstår for Meland sin del, kan deretter starte uttesting.
Driftssystem veg: Adaptiv veg					Samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar i SørNorge og leverandøren Avinet. Kartlegging og innregistrering av data er under planlegging. Ein testversjon er går ut mai. 1. juni skal produksjonsløyising vere klar med registreringsmodul for NVDB og dagbok for løpende driftsoppgåver. Juni/juli vil system for GPS flåtestyring gjeres klar. Rett etter sommarferien starter arbeidet med graveregister og "budsjettkalkulatoren".

	Gjennomført
	Starta opp
	Ikkje starta opp
K	Konsept
P	Planlegging
G	Gjennomføring (h 19)
A	Avslutning (h 19/v 20)



# Teknisk forvaltning og drift (pr. 27.05.19)

Fagprosjekt	K	P	G	A	Kommentarer
Felles matrikkel					Ny gårdsnr serie, gatekodar, vegnr og krinsar er på plass. Kommunane kvalitetssikrer og feilretter evt mangelfulle data i eigen kommune. Nokre endringar gjenstår, er under arbeid. Kartverket står for sjølve omlegginga ved årsskiftet.
Forskrift VA-avgifter m/utrekning av avgiftsgrunnlag (prosessarbeid, ikkje prosjekt i portalen)					<b>Forslag til felles forskrift om VA-gebyr er lagt ut på høyring med 3 mnd høyringsfrist, etter handsaming i fellesnemdna 6. mai. Sjølvkostmodell er bestilt av konsulent, etter anbod.</b>
Gebyrregulativ plan, byggesak, oppmåling, feiing, slam, konsesjon mm (prosessarbeid, ikkje prosjekt i portalen)					Utrekning av gebyr skal følgje regelverket for sjølvkost. Arbeidet startar for fullt når organisasjonsprosjekta er på plass. Felles mal eksisterer frå før.
Kritiske avtalar (prosessarbeid, ikkje prosjekt i portalen)					Anbodsarbeid knytt til avtalar som går ut i 2019, der vi må ha nye avtalar som gjeld frå 2020. Arbeidet med å sortere ut kritiske avtaleområde, definere standardar og spesifisere krava er starta. T.d. vinterdrift av vegar.

	Gjennomført
	Starta opp
	Ikkje starta opp
<b>K</b>	Konsept
<b>P</b>	Planlegging
<b>G</b>	Gjennomføring (h 19)
<b>A</b>	Avslutning (h 19/v 20)



# Samfunnsutvikling (pr. 27.05.19)

Organisasjonsprosjekt	K	P	G	A	Kommentar
Kultur	■	■			Intern utlysning to avdelingsleiarar.
Plan og analyse	■	■			Skal lyse ut stillingar som fagansvarlig analyse og fagansvarlig samfunn og areal.
Næring og utvikling		■			Drøfting av organisasjonskart i juni.
Politisk sekretariat		■			Drøfting av organisasjonskart i juni.
Nordhordland brann og redning	■	■	■		Plassering i Alver er drøfta og vedteke.
Samfunnstryggleik og beredskap	■				To personar er innplassert som rådgjevarar
<b>DigiAlver</b>					
Speedadmin - kulturskule		■			
Bibliotek		■			Startar opp til hausten.
GAT		■			
UMS	■				Alle tre kommunane signerer ein felles avtale med UMS om adressebasert og lokasjonsbasert varsling frå 01.06.19. Dette er eit viktig verktøy til beredskap og befolkningsvarsling.

■	Gjennomført
■	Starta opp
■	Ikkje starta opp
<b>K</b>	Konsept
<b>P</b>	Planlegging
<b>G</b>	Gjennomføring (h 19)
<b>A</b>	Avslutning (h 19/v 20)



# Samfunnsutvikling (pr. 27.05.19)

Fagprosjekt	K	P	G	A	Kommentar
Næringsutvikling i Alver kommune	M	G	M		Status til fellesnemnda i juni. Leveranse i september.
Samfunnstryggleik og beredskap	M	G	M		I slutfasen på overordna ROS. I mai startar arbeidet med KKL-plan.
Planarbeid mot Alver kommune	M	G	M		Forslag til planstrategi i fellesnemnda i sept.
Gebyrregulativ Alver kommune					Samordne alle gebyr- og betalingssatsar
Val 2019	M	G	M		Prosjektet planlegg val 2019.
Anleggsstrategi Alver					Konklusjon før sommeren 2019.

	Gjennomført
	Starta opp
	Ikkje starta opp
<b>K</b>	Konsept
<b>P</b>	Planlegging
<b>G</b>	Gjennomføring (h 19)
<b>A</b>	Avslutning (h 19/v 20)





# HR og utvikling (pr. 28.05.19)

Organisasjonsprosjekt	K	P	G	A	Kommentar
HR & utvikling (konseptf. personal)	■				Plassering av personalfunksjon avklart. Avsluttet.
HR & utvikling (konseptfase II)	■	■			Avklart organisasjonskart, og opprettet nye prosjekt.
HR (personal)	■	■			HR-leiarstillinga er lyst ut med frist 06.06.19 (VISINDI). Pågår arbeidsgrupper på følgende tema: 1) arbeidsavtaler 2) kode og arbeidsavtaler 3)rekruttering.
Dokumentcenter	■	■			I tillegg til leiar, er det innplassert fagansvarleg for dokumentcenteret. Prosjektet har god framgang, og mye av arbeidet handler om å avklare grensesnitt mot andre tenesteområder og sentralisering av arkiv og dokumenthåndtering.
Kundesenter	■	■			Leiar avklart. Prosjektgruppa er satt og tilsette har vore samla med mindre oppgåver i innleiande fase, men framdrift avventer konklusjon i prosjekt innbyggjarrettleiing.
Utvikling/stab/prosjekt	■	■			Prosjektet har starta med prosjektmøter, og det blir jobbet med prosjektforslag for fagprosjekt: styringsmodell for utviklingsprosjekt.
HMS	■	■			Satt ned prosjektgruppe, og mandat klart for behandling i adm.styingsgruppe.
<b>DigiAlver</b>					
Acos Websak	■	■			Prosjektet er rute etter avtalt framdriftsplan.
Intranett (inkl. Office365)	■	■			Prosjektet er godt i gang.
Telefoni	■				Arbeider med mandat og prosjektgruppe
Portal	■				

■	Gjennomført
■	Starta opp
■	Ikkje starta opp
<b>K</b>	Konsept
<b>P</b>	Planlegging
<b>G</b>	Gjennomføring (h 19)
<b>A</b>	Avslutning (h 19/v 20)



# HR og utvikling (pr. 28.05.19)

Fagprosjekt	K	P	G	A	Kommentar
Organisering av verneteneste	■				Prosjektgruppa har forslag til organisering ute til høyring hos AMU i dei tre kommunane
Kundesenter	■				Prosjektleiari har presentert grunnleggande føresetnader for innbyggjerrettleiinga i Fellesnemnda, og bygger vidare på desse.
Kartlegging av personalreglement	■				Personalreglement er kartlagt i tidlegare prosjekt. Albertine arbeider med å samanstille hovdepunkta i personalreglementa som utgangspunkt for vidare arbeid i eit eige prosjekt.
<b>Prosjekt med politisk styring</b>					
Arbeidsgiverpolitikk	■				Utkast til arbeidsgjevarstartegi er lagt fram for PSU.
Lønnspolitisk plan (delprosjekt)	■				
Strategisk kompetanseplan (delprosjekt)	■				
Livsfasepolitikk (delprosjekt)	■				

■	Gjennomført
■	Starta opp
■	Ikkje starta opp
■	
<b>K</b>	Konsept
<b>P</b>	Planlegging
<b>G</b>	Gjennomføring (h 19)
<b>A</b>	Avslutning (h 19/v 20)



# Økonomi (pr. 27.05.19)

Organisasjonsprosjekt	K	P	G	A	Kommentar
Sektor økonomi					
Delprosjekt oppgaver i gresenitt personal, lønn og leiarar					Modellering av nye prosessar pågår. Delprosjektet har fokus på betre flyt i arbeidsprosessar og skal frigi meir tid til leiing.
Delprosjekt inkasso					Kartlegger mulighet og konsekvens - intern innkasso. <b>(Anbefalt fra prosjektgruppe.)</b>
Fagutvikling/stab/støtte					Innplassering i omstillingsutvalget 2. mai. Organisering av budsjettarbeid til høsten pågår.
<b>DigiAlver</b>					
Visma Enterprise					Prosjektforslag vedtatt.Database er opprettet. Organisasjonsstrukturen vert bygd opp i juni.
<b>Prosjekt med politisk styringsgruppe</b>					
Øk. politikk og handlingsreglar					FN innstiller 3. juni. Kommunestyret vedtar i november.
<b>Anna (ikkje prosjektstyrt)</b>					
Revisjon					Vedtak 6. mai i fellesnemnda.
Hovedbankavtale					<b>Anbod pågår.</b>
Forsikringsmegling					Inngått avtale.
Forsikringar					Prosessen sarter i slutten av mai.
Pensjon					<b>Avtale med KLP signert, avtale med SPK vert signert i juni</b>

	Gjennomført
	Starta opp
	Ikkje starta opp
<b>K</b>	Konsept
<b>P</b>	Planlegging
<b>G</b>	Gjennomføring (h 19)
<b>A</b>	Avslutning (h 19/v 20)



# Innplassing av tilsette



# Innplassering - utgangspunkt

---

- Verksemdoverdraging etter aml. kapittel 16
- Rettskrav - forankra i rettspraksis
- Intensjonsavtale
- Omstillingsavtale



# Inn plassering - organisering

---

- Det er utarbeidet rutinar for gjennomføring av innplassering.
- Kommunalsjefane er ansvarlege for prosessane og det skjer ein samordning i leiargruppa.
- Kontinuerlig oversikt over tilsette som har vert i prosess og som ikkje er innplassert.
  
- Organisasjonskarta vert drøfta med alle HTV i dei tre kommunane.
- Innplassering vert drøfta i omstillingsutval. Programansvarleg tek endeleg avgjerd.



# Innplassering - prosess

---

- Innplassering er ikkje ein tilsetting
- Avklaring av rettskrav.
- Lik prosess for alle inkl. rådmenn.
- Visindi er brukt for rådmenn, kommunalsjefar, tenesteleiarar og nokre avdelingsleiarar.
- Tillitsvalde involvert i alle prosessar.



# Økonomiplan status





# Økonomiplan - status

---

Spesiell prosess i 2019:

- budsjett 2020 byggjar på ein vidareføring av 2019 budsjett.
- satsingar, endringar og innsparingar vert tilrådd av leiargruppa innan 5. september 2019. Handsaming fellesnemnda 2. sept., 30. sept. og 7. okt.
- Budsjettsaling for formannskapet 6. november i samband med ordinært FO 7. november.
- Felles HTV og HTV i Alver vert løpande orientert. Plasstillitsvalde involvert i detaljbudsjetteringa for avdelingane. Formell drøfting med HTV i Alver før formannskapsmøte i desember.
- NB! Kompensasjon - eigedomsskatt verk og bruk.



# Økonomiplan - status

<i>(mnok)</i>							
Teneste	Type	Tiltak	Konsekvens	2020	2021	2022	2023 PRI
<b>Tenesteområde</b>							
Ny organisasjon							
Effektivisering							
Ikke lovpålagte							
Lovpålagte							



# Arbeid med gebyrregulativ status



# Status - gebyrregulativ

---

- Mål for prosjektet: Utarbeide eit gebyrregulativ for Alver kommune
- Hovudområder for gebyr- og betalingssatsar:
  - Oppvekst og kultur
  - Pleie- og omsorgstenester
  - Vatn, avløp, feiing og renovasjon
  - Festeavgifter og avgifter gravplassforvaltning
  - Leigeprisar eigedom og anlegg
  - Teknisk forvaltningsteneste (Byggesak, arealplan og geodata)
- Planen var leveranse i juni 2019. Må vente på grunn av arbeidet med forskrift for vass- og avløpsgebyr og budsjettprosess for teknisk forvaltningsteneste (byggesak, plan. landbruk og geodata).
- Mest realistisk å levere eit endeleg gebyrregulativ i samband med budsjettprosessen i november/desember.



# Bruk av rådhus Manger



# Bruk av Radøy rådhus, Manger

---

Frå «FS-handsaming»:

Programansvarleg i Alver kommune har trong for ei rask avklaring av planlagt bruk av rådhuset på Manger, slik at dette kan danne grunnlag for det vidare arbeidet med kontorkabalen i Alver.

FS – vedtak:

- Rådhuset på Manger vert disponert til aktivitetar som er peika på i moglegheitsstudien og fastsett i intensjonsavtalen: kinosal, bibliotek, frivilligsentral, kulturskule, innbyggjarretteiing, øvingslokale og fleksible kontorplassar. Forprosjekt for bruk av rådhuset på Manger utgreier kva som er mogleg og hensiktsmessig innanfor desse rammene. Endeleg vedtak om bruk av rådhuset vert fatta i eiga politisk sak.



# Eigarskap - grupppearbeid



# Gruppearbeid - eigarskap

---

Tre hovudtema:

1. Vidare prosess - representasjon for Alver kommune i styrande organ i IKS som Alver kommune skal vere medlem av.
2. Vidare prosess - eigarskap i tomteselskap.
3. Vidare prosess - eigarskap i «vekst-bedrifter» – KIM, GLØDE og AUFERA.





# Gruppearbeid - eigarskap

---

Prosess representasjon for Alver kommune i styrande organ i IKS som Alver kommune skal vere medlem av:

- Alver kommune vil ha over 50 % eigarskap i dei tre IKSa som omfattar kommunar i Nordhordland.
  - Kva skal dette ha å seie på sikt for representasjon i styrande organ?
- Kva vert vedteke før nyttår og kva vert vedteke etter 01.01.2020?



# Gruppearbeid - eigarskap

---

Vidare prosess - eigarskap i tomteselskap:

- Alver kommune vil eige 100 % av to tomteselskap frå 01.01.20: Lindås tomteselskap AS og Meland utbyggingselskap AS.
- Bør ein starte ein prosess som leiar til fusjon av dei to selskapa og i tilfelle når bør denne prosessen starte?
- Dei to selskapa har løyst ulike utfordringar for dei to eksisterande kommunane. Kva er dei viktigaste utfordringane eit evt. felles tomteselskap bør ta tak i?
- Når bør ein prosess knytt til eigarstrategi for desse selskapa starte?



# Gruppearbeid - eigarskap

---

Vidare prosess - eigarskap i «vekst-selskap»:

- Alver kommune vil eige tre «vekst-selskap» frå 01.01.20: KIM, GLØDE og AUFERA. Alver kommune vil ha ulik eigardel i dei tre selskapa og tal aksjonerer er også forskjellig.
- Bør ein stare ein prosess som leiar til fusjon av to av eller alle tre selskapa og i tilfelle når bør denne prosessen starte?
- Dei tre selskapa har løyst ulike utfordringar for dei eksisterande kommunane. Kva er dei viktigaste utfordringane eit evt. felles «vekst-selskap» bør ta tak i?
- Når bør ein prosess knytt til eigarstrategi for desse selskapa starte?

